



Norske
Landbrukstenester

Landbruksvikar tilsett i kommunen

--

I rundskriv frå SLF, 21/08 vert det opna for at kommunen framleis kan stå som arbeidsgjevar for dei landbruksvikarane som var tilsett før 1. januar 2008. Det må i så tilfelle opprettast ein skriftleg avtale med kommunen som regulerer ansvarsforholdet. Det er fleire måtar ein slik avtale kan utformast på, og det er viktig at kostnadane for laget er avklara slik at ein unngår ein økonomisk smell. I tillegg må laget ha førsterett til leige av landbruksvikaren.

Avtalen må først og fremst avklara kva ansvar laget har og kva som er kommunen sitt ansvar;

Avløysarlaget sitt ansvar;

- ✓ Administrera ordninga
- ✓ Belasta medlemmer/kundar
- ✓ Syta for innbetaling frå medlemmer/kundar
- ✓ Syta for oppgjjer til kommunen etter avtale
- ✓ Samarbeida med arbeidsgjevar (kommunen)
- ✓ Føra nødvendig rekneskap for ordninga
- ✓ Søkja om tilskot til fylkesmannen innan søknadsfrist
- ✓ Rapportera til fylkesmannen innan fastsett dato
- ✓ Vurdera ansvar for opplæring/sosiale tilbod for landbruksvikar

Kommunen sitt ansvar;

- ✓ Stå som arbeidsgjevar for landbruksvikar
- ✓ Personalansvar for landbruksvikar
- ✓ Syte for at landbruksvikar er tilgjengleg for laget

Forslag til avtalar

1. **Betaling ut frå tilskot og inntekter**

Tilskot for 2008 er kr. 253.500,- pr. årsverk. Av tilskotet er kr. 40.000,- i utgangspunktet øyremerka administrasjon. Laget står fritt til å avtala annan sum med kommunen.

Betaling til kommunen vil då bli:

- ✓ Disponibelt tilskot (Løyvd tilskot minus midlar til administrasjon i laget)
- ✓ Kostnader belasta medlemmer/kundar
(Mogelege differansar er laget uvedkomande.)

Dette forslaget sikrar at laget ikkje får uventa kostnader, samstundes med at dei beheld minimum kr. 40.000,- til administrasjon. Dersom landbruksvikar ikkje vert nytta fullt ut vil kommunen kunne få for godt betalt for landbruksvikaren. Litt kostnader til forskottering bør påreknast, avhengig av kva tid tilskotet blir utbetalt til laget. Endeleg oppgjjer med kommunen må venta til året er slutt.

2. Betaling etter faktura frå kommunen

Partane blir samde om ein kostnad pr. dag landbruksvikaren arbeider. Kommunen sender faktura for kvar månad.

Kor stor kan kostnad pr. dag vera i forhold til tilskot og inntekter? (Berre sjukeavlysing.)

Tilskot kr. 213.500,- : 230 dagar	=	kr	928,-
Inntekt frå medlemmer/kundar	=	kr	1.030,-

Kostnad pr. dag ut frå faktiske inntekter		kr	1.958,- + mva
			=====

Dersom annan avlysing gjev høgare inntekter kan ein sats pr. dag på rundt kr. 2.000,- + mva. vera akseptabel.

Forslaget er enkelt å administrere for begge partar, og det skulle gje god oversikt for laget. Det sikrar at laget berre betalar for faktisk avlysing, til ein avtala pris. (Kan vera greitt dersom landbruksvikaren også arbeider i kommunen når det ikkje er avlysing.)

Forslaga er basert på landbruksvikar i 100% stilling. Ved annan stillingsprosent vert reknestykket annleis.

Dette er to forslag til korleis ein avtale med kommunen kan løysast. Om lag og kommune kjem fram til andre måtar å avtale dette på er NLT interessert i løysingane på dette. Ta gjerne kontakt med NLT om du har spørsmål.

Lukke til!
Helsing
NLT